



ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE  
Bygdinvegen 1989  
2940 HEGGENES

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Uttale - 2. gangs høyring - kommuneplan - arealdelen - 2025 - 2037 - Øystre Slidre kommune

### **Oppsummering**

Statsforvaltaren er nøgd med at fleire av våre merknader og motsegner frå 1. gongs høyring er fylgt opp. Ved førre høyring var konsekvensutgreiinga ikkje komplett og vi kunne difor ikkje ta stilling til mykje av arealbruken.

Statsforvaltaren har følgande **motsegner**:

Arealbruk i konflikt med viktig naturmangfald

- Stølslien 4
- Lykkja
- Grønolslie
- Grønolen
- Beitostølen sentrum 1
- B – 145 -40 og B – 51-20
- Området I – 43 og I – 51
- Skrebergene sandtak

Foreslått arealbruk der verknadene for naturmangfald ikkje er kartlagt

- Rolistølen
- Robøle
- Skistadioen – Garli
- Mellsenn vassbehandlingsanlegg
- Nerreføss reinseanlegg

Jordvern

- Furustrand i Heggenes

Mangelfull konsekvensutgreiing

- Stiar og løyper
- Endring av LNF-spreidd bustad og fritidsbustader til bustad og fritidsbustad



## Vassforvaltning

Føresegn om:

- Byggjeforbodssone langs vassdrag
- Kommunalt avløp
- Spreidd avløp

## Statsforvaltaren har følgande **faglege råd**

- Forslag til presiseringar og klargjering i føresegner
- Sjå nærare på om tidlegare avsette byggeområde på dyrka mark kan reduserast ytterlegare.
- Justere planforslag i tråd med nye Statlege planretningslinjer
- Juster risiko- og sårbarheitsanalyse angående tiltaksskildringane

---

Vi viser til 2. gangs høyring av kommuneplanens arealdel for Øystre Slidre kommune. Vi viser også til vår uttale ved 1. gongs høyring av 26. april 2024.

Sidan 1. gongs høyring har kommunen gjort endringar som følgje av dei innspela som kom inn. Kommunen har fylgt opp fleire av våre merknader og motsegner. Dette er vi nøgd med. Samstundes mangla det ei fullstendig konsekvensutgreiing ved 1. gongs høyring og Statsforvaltaren kunne difor ikkje ta endeleg stilling til alle forslaga i planen. No har kommunen oppdatert konsekvensutgreiinga. Etter vårt syn er ho framleis noko mangelfull, men vi gir ei fullstendig tilbakemelding på planen slik den nå føreligg. Dette har medført at det vert ein del fleire motsegner til føreslått arealbruk samanlikna med 1. gongs høyring.

### **Konsekvensutgreiing**

Vi meiner at konsekvensutgreiinga framleis ikkje tilfredsstillar dei krava som ligg i forskrift om konsekvensutgreiing. Verknader av omfattande arealbruksendringar er ikkje beskrivne, og dette gjer det vanskeleg å vurdere om planforslaget er i tråd med nasjonale føringar.

Statsforvaltaren hadde ved 1. gongs høyring til arealdelen motsegn til at konsekvensutgreiinga til planen ikkje var god nok. Det var ikkje mogleg å sjå korleis områda var vurdert og korleis ein landa på konklusjonen for kvart område. Vi ser at det framleis er store manglar i konsekvensutgreiinga, og at det også er område ein vel å ikkje greie ut på dette plannivået, men som i staden skal utgreiast på reguleringsplannivå. Dette er problematisk og vi omtalar dette vidare i uttalen.

Statsforvaltaren vurderer vidare at det er vanskeleg å sjå kva konsekvensar planen vil få, då konsekvensutgreiinga er så overordna, utan klare linjer og vurderingar som viser korleis kommunen har vurdert dei ulike områda, eller kvifor ein konkluderer som ein gjer. Vidare blir det i liten grad vurdert kva for konsekvensar dei ulike tiltaka får for, til dømes verdifull natur. I konsekvensutgreiinga blir naturverdiane berre lista opp utan at ein tek direkte stilling til kva konsekvens utbygging i naturverdiane vil få. Statsforvaltaren vurderer difor at konsekvensutgreiinga framleis er for mangelfull til å kunne gjere ein god vurdering av dei områda som er foreslått, og vi anbefalar kommune å innhente ekstern hjelp i arbeidet med å betre konsekvensutgreiinga.



### *Frå LNFR–spreidd til byggeområde bustad og fritidsbustader*

Ved 1. gongs høyring hadde Statsforvaltaren følgande motsegn: «Kommunen har endra føremål på bygg i LNFR-områda frå LNF-spreidd til byggeføremål for bustad og fritidsbustad. Statsforvaltaren meiner dette er feil bruk av arealføremål. Vidare er endringane ikkje konsekvensutgreia. Vi fremjar derfor **motsegn** til endringa på grunn av manglande konsekvensutgreiing. Vi oppmodar kommunen til å løyse innsigelsen ved å vidareføra føremålet LNFR-spreidd.» Det er framleis ikkje utarbeidd konsekvensutgreiing og vi opprettheld derfor **motsegna**.

### *Sti og løyper*

Ny fleirbrukstrase er lagt inn med ein mogleg korridor i fjellet på øvresida av Beitostølen. Traseen er konsekvensutgreidd, men berre i form av ei mogleg sone der traseen kan plasserast. Standaren skal være som grusa turveg. I kommunedelplan for Beitostølen som vart vedteken i 2012 ligg det inne fleire turvegar. Desse er foreslått vidareført. Fleire av desse er eksisterande stiar/turvegar. I forslag til ny arealdel er det nå også lagt inn nye turvegtrasear. Fleire av turvegtraseane er ikkje konsekvensutgreidd. Statsforvaltaren er svært uroa for at turvegane vil kunne komme i konflikt med viktige omsyn. Særleg landbruk, naturmangfald, landskap og friluftsliv. Dei vil og kunne komme i konflikt med konsesjonsområde for tamrein. Vi fremjar **motsegn** til turvegtraseane. Det må gjerast ein full gjennomgang av traseane og kva for standard dei skal ha og når det er plankrav.

### **Klima, arealbruk og mobilitet**

Nye Statlege planretningslinjer for klima- og energi vart fastsett ved kongeleg resolusjon 20. desember 2024 og skal leggjast til grunn i planlegging etter plan- og bygningslova. I kapittel 4 er det gitt retningslinjer for klimagassreduksjon og energiplanlegging. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at dette er vurdert i planforslaget.

Det same gjeld nye Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet som vart vedtekne før jul. Her er det til dømes gjort innstrammingar for etablering av nye område for fritidsbustader og bygging på myr. Vi kan ikkje sjå at kommunen har lagt desse til grunn for planforslaget. Det er forståeleg at det kompliserer arbeidet, men retningslinjene vart gjort gjeldande frå vedtaksdato og arbeidet med retningslinjene har vore kjent i lengre tid.

### **Arealrekneskap**

Kommunen har laga ein arealrekneskap. Det er bra, og samtidig bør kommunen gjere ei vurdering av om desse arealdisponeringane er i tråd med gjeldande nasjonal politikk. Vi tenkjer då særleg på bruk av areal i kategoriane dyrka mark og myr. Det er foreslått ny metodikk for «planvask» [grunnlag for rettleiar om revisjon av kommunale arealplanar](#). Vi ventar ikkje at kommunen gjer ei ny vurdering etter denne metodikken, men tilrår den brukt i kommande saker.

### **Føresegnene**

Føresegnene er omarbeidd til det betre etter førre høyring. Kommunen har teke til seg fleire av innspela våre. Overordna så er det framleis ei uoversiktleg framstilling, knytt til kva som er føresegner og kva som er retningslinjer. Her kjem retningslinjene før føresegnene og føresegnene står i kursiv. Vanleg praksis er motsett. Ein kan gjerne synleggjere kva som er juridiske føresegner, ved å ramme dei inn (og halde retningslinjene utanfor). Dette vil auke tilgjengelegheita for innbyggjarar og sakshandsamarar.

### Overordna føringar

Pkt. 1 og 2.1. Omsynssone H910.



Det er positivt at planar som skal gjelde uendra er synleggjort i ein tabell no. Vi kan jamvel ikkje sjå at kommunen har gjort vurderingar av planane som blir vidareførte i rev. planskildring. Nokre av reguleringsplanane er av eldre dato og kan ikkje nødvendigvis førast vidare uendra. Minner om at kommunen pliktar å oppdatere planar i samsvar med dagens nasjonale og regionale interesser, jf. pbl. § 11-8 f. Som vi nemnde i førre uttale skal plankartet dessutan visast med generalisert arealformål (ikkje kvite areal), jf. KDDs rettleiar pkt. 4.6.7.2.

Pkt. 2.3 og 2.3.1. Plankrav og unntak.

Det er bra kommunen gjer tydelege val for kva som krev regulering og ikkje. Det verkar å vere balansert og ta omsyn til eksisterande bustad- og fritidsområde. Men det spørst om ikkje ein ting manglar? Ut frå samanhengen i føresegna ser det ut til at også § 20-4-tiltak skulle ha vore unnateke? Til dømes tilbygg (>15 m<sup>2</sup>) og garasje (50-70 m<sup>2</sup>). Desse er av omfang som fell mellom unntaka i pkt. 2.3.1 bokstav d og e. Vil det då vere naturleg med plankrav for desse?

Pkt. 4.1.1. Utbyggingsavtalar.

«Kommunen krev at det skal liggje føre utbyggingsavtale [...]». Kommunen har ikkje heimel til å fastsetje dette i plan – berre styre *innhaldet*, jf. § 11-9 nr. 2. Det er føresetnadsvedtaket i kommunen som heimlar plikta til utbyggingsavtale, som de rett har vist til. Tilvisinga til sak 64/20 kan gjerne setjast som føresegn for å gjere det tydeleg. Kommunen bør vurdere om (nokre av) retningslinene om innhald skal vere føresegner med juridisk verknad, for å gi ekstra tyngd.

Pkt. 4.3.2 Utforming av byggverk.

Dokumentasjonskravet om 3D-modell er positivt. Forslag til endring, for klarare handheving: «for større byggjesaker for bygningsprosjekt kan **krevjar** kommunen **krevje** at det blir utarbeidd digitale 3D-modellar». Kommunen beheld framleis skjønnsrom for kva som ikkje er «større» og såleis kan sleppe etter ei konkret vurdering. Til retningslinene – er dei tenkte såpass strenge? «Bygningar skal ha saltak» kan gi utilsikta begrensingar for t.d. blokkbebyggelse i sentrum.

Pkt. 4.4. Sentrumsområda.

Formålstenleg med eigne føresegner for Heggnes og Beitostølen. Avgrensinga av «tettstadgrense», «sentrumsområdet» og «sentrumskjernen» bør synleggjerast endå klarare. På plankartet er det ikkje enkelt å sjå kvar avgrensinga går for dei ulike områda. På felt Sentr1 ser det også ut til at to soner overlappar? Statsforvaltaren oppmodar til at planføresegnene viser til at føringane gjeld til dømes «gjennomføringssone 1, 2 og 3» eller eit vedlegg «kartutsnitt X» som er juridisk bindande.

Pkt. 12.1-12.3. Fareområde.

Slike, og liknande, formuleringar er ikkje i tråd med lova: «nye byggjetiltak [...] er ikkje tillate i sonene utan at det ligg føre ei fagkyndig utgreiing [...]». Dersom det er behov for sikringstiltak, skal dette vere etablert før bygging kan setjast i gang». Føresegnene legg opp til at fare blir greidd ut *i byggjesaka*. Dét er det ikkje høve til. Reell fare må vere avklart på seinaste plannivå om område skal kunne byggjast ut. For å vareta § 4-3 må ein anten greie ut i KPA eller setje plankrav for utbygging.

#### Merknader til konkrete enkeltreglar

Pkt. 1.7 Solceller.

Det er eit praktisk grep å ha ei føresegn om at krav til takmateriale ikkje er til hinder. Den løyser ei mogleg utfordring med mange dispensasjonssøknader i planar som ikkje sjølv omtaler det.

Pkt. 1.9.1. Myr.



Positivt at kommunen har ei føresegn om det. Første ledd er ein klar og streng regel. Den blir likevel hula ut i stor grad av andre ledd. Kommunen gir seg sjølv mykje skjønn for å gi unntak: «kan kun skje der det er mest rasjonelt for å oppnå heilskaplege løysingar» m.m. Dette gir lite føreseieleg forhold.

#### Pkt. 4.1.8 Massehandtering.

Det er bra kommunen har eit bevisst forhold til massehandtering. Kommunen bør gjere tydeleg at uttak og deponi har krav om regulering, som nemnt i andre ledd, og kanskje også skrive det inn i pkt. 2.3 (plankrav). Masseuttak i LNFR blir ikkje opplagt fange opp – og det kan vere tvil om det fell innanfor arealformålet eller ikkje.

#### 4.3.4 Tomter utan oppmålte grenser.

Føresegna verkar ikkje å vere fullstendig. Samanhalde med § 21-4 sjette ledd bør de leggje til: «Dersom eigeodomen ikkje er oppmålt vert det **ved eit evt. løyve** stilt krav om digital oppmåling **av eigeodomen tiltaket gjeld**». Dette for å ha ein tilstrekkeleg klar heimel for byggjesakhandsaming.

#### Pkt. 4.3.5 Gjerde.

Kan ikkje oppstille generell søknadsplikt. Dette blir styrt av lova og saksforskrifta. Alminnelege gjerde er som hovudregel ikkje søknadspliktige. Kommunen må avgrense føresegna til materielle føresegner om kor mykje som kan gjerdast inn, utforming og plassering for å vareta dyrevelferd og avgrense stengsler for fri ferdsel. Føresegna gir viktig styring og kommunen bør vurdere om dette punktet tilstrekkeleg regulerer dei nødvendige omstenda.

#### 5.1 og 5.4. LNFR.

Bra at kommunen viser til relevante moment i dispensasjonsvurderinga. Momenta blir hovudsakleg knytte til fråvær av ulemper. Det bør i tillegg seiast meir om kva kommunen typisk vil vektleggje som fordeler. Det er vidare positivt at kommunen har vedteke ei utbyggingsgrense, der det i lita grad blir tillate inngrep. Det bør presiserast at «omdisponering av stølar» til hytte berre kan godkjennast etter dispensasjon. Denne bruken er ikkje i tråd med arealformålet.

#### 9.1.1 Kulturvern.

Det bør formulerast ein klarare avslagsheimel slik at ein kan nekte riving (sikringsventil ved mangel av reguleringsplan/omsynssone). Formuleringa «i størst mogleg grad bli vareteke», kan nok ikkje brukast til å avslå ein rivesøknad.

#### Støy

I føresegner om støy må det vises til nyaste retningslinjer. Gjeldene retningslinje er T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging utgitt av Miljødirektoratet.

#### Jordvern

Ved 1. gongs høyring hadde Statsforvaltaren motsegn til utviding av Heggnes sentrum på dyrka mark. 17,1 dekar fulldyrka jord. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er vesentlege nye moment i saka. Det er avsett areal til sentrumsføremål der det må gjennomførast fortetting og omforming av areala før ein vurderer å bygge ned dyrka mark. Statsforvaltaren opprettheld **motsegn** til Furustrand.

Arealreknesakapen viser at 62 dekar dyrka mark er avsett til utbyggingsføremål. Det er ein reduksjon på ca. 50 dekar sidan 1. gongs høyring. Det er sidan førre revisjon av Øystre Slidres arealdel gitt innskjerpingar i nasjonale mål for omdisponering av dyrka mark. Det bør gjerast ei ny vurdering av



om utbyggingsføremål på dyrka mark kan reduserast gjennom alternative plasseringar av foreslått arealbruk på dyrka mark.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Statsforvaltaren fremja motsegn fordi risiko- og sårbarheitsanalysen mangla analyse og vurderingar som omfatta kommuneplanen sin arealdel samla sett, det vil seie resten av planområdet. Analysen omfatta berre dei føreslegne utbyggingsområda i arealdelen.

Kommunen har no sendt ny risiko- og sårbarheitsanalyse som omfattar heile kommunen og som kjem i tillegg til analysen for dei føreslegne utbyggingsområda. Analysen er laga i tråd med metoden som er omtalt i rettleiar *Samfunnssikkerhet i arealplanlegginga i kommunen* som vart gitt ut av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i 2017.

Etter ein innleiande farevurdering som mellom anna er basert på heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen, er det i kap. 4 gjorde nærare analysar av til saman 11 uønskete hendingar. Risikoreduserande tiltak for dei ulike hendingane er omtalt og til dels tekne inn i planføresegnene, dels blir dei følgt opp gjennom planverktøy og i andre samanhengar.

Fleire av dei uønskete hendingane høyrer meir heime i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse enn i arealdelen sin analyse. Dette heng saman med at dei mellom anna ikkje har noko å seie eller har konsekvensar for arealbruken som blir fastsett i kommuneplanen. Dette inneber at risikoreduserande tiltak for desse hendingane ikkje er relevante for kommuneplanens arealdel.

Når det gjeld hendingane flaum og skred, er omsynssoner i plankartet ikkje nemnd som risikoreduserande tiltak, sjølv om desse er markerte i plankartet. For å vareta metoden og systematikken i risiko- og sårbarheitsanalysen ber vi om at desse tiltaka blir tekne inn i tiltaksskildringane i analysen der det er aktuelt.

På bakgrunn av dette reknar vi at motsegna som gjeld samfunnstryggleik og beredskap er imøtekommen og har ikkje lenger motsegn til manglar i analysen.

### Vassforvaltning

Statsforvaltaren hadde motsegn til planen ved 1. gongs høyring fordi kommunen ikkje hadde fastsett ei byggeforbodssone mot vassdrag. Langs vassdrag ventar Statsforvaltaren at det etter pbl. §11-11 nr. 5 blir fastsett ei grense på inntil 100 meter der bestemte tiltak mv. ikkje skal være tillate. Vi gjorde merksam på at dette kan differensierast etter størrelsen på vassdraga. Inntil dette vart gjort ville Statsforvaltaren ha motsegn til planforslaget.

Det går fram av 2. gongs høyring at kommunen no har foreslått ei byggegrense på 50 meter for større vassdrag og 30 meter for mindre vassdrag. Dette meiner vi er for lite. Det bør som eit minimum vere 100 meter langs dei større vassdraga og 50 meter langs dei små. Øystre Slidre har også tre verna vassdrag som heilt eller delvis ligg i kommunen: Etna, Sjoa og Heggefjorden. Her meiner vi rikspolitiske retningslinjer må leggjast til grunn for forvaltninga, og da skal byggegrense som hovudregel være 100 meter. Med bakgrunn i dette opprettheld vi **motsegna** til planforslaget.

### *Kommunalt avløp*

Når det gjeld det kommunale avløpet frå tettgrenda Beitostølen har det framkome nye opplysningar sidan førre høyring, som vi må leggje til grunn no ved 2. gongs høyring.



Øystre Slidre kommune ynskjer å bygge eit nytt reinseanlegg på Nedrefoss som skal samle det meste av avløpet frå dei tre anlegga dei har i dag. Det er tilknytt rundt 12 500 pe til saman på Beito RA og Nedrefoss RA, og begge anlegga tilførast meir avløp enn det dei er dimensjonerte for. For å kunne handtere både noverande og planlagd auka belastning har kommunen søkt Statsforvaltaren om eit utsleppsløyve med ei utsleppsramme på 25 000 pe for det nye anlegget. Statsforvaltaren har varsla kommunen om at vi er innstilt på å setje utsleppsramma til 15 000 pe fordi vi ikkje er trygge på at resipientane nedstraums Nedrefoss vil tole et så stort utslepp som kommunen har søkt om. Statsforvaltaren har ikkje fått ei formell attendemelding frå kommunen på dette, men er kjend med at det jobbast med ei resipientvurdering for å avklare om resipientane vil tole eit utslepp opp mot 25 000 pe. Resipientvurderinga, og ramma i utsleppsløyvet, vil vere avgjerande for kor mykje busetnad som kan etablerast på Beitostølen på lang sikt. På kort sikt er situasjonen at Øystre Slidre kommune manglar kapasitet på dei kommunale reinseanlegga for å kunne ta imot avløp frå ny busetnad.

Med bakgrunn i manglande kunnskapsgrunnlag om resipientkapasitet nedstraums Nedrefoss har Statsforvaltaren **motsegn** til planen. Denne kan løysast ved at det dokumenterast at resipientane for det planlagde utsleppet kan tilførast utsleppa utan at tilstanden forringast eller aukar faren for at dei blir forringa. Med bakgrunn i manglande kapasitet på noverande reinseanlegg innanfor Beitostølen tettgrend har Statsforvaltaren **motsegn** til planen. Denne kan løysast ved at kommunen tek inn ei rekkefølgjeføresegn som sikrar at det ikkje etablerast nye einingar innanfor Beitostølen tettgrend før kommunal reinsekapasitet er tilgjengeleg. Vi gjer merksam på at dette er eit sjølvstendig krav etter plan- og bygningslova § 27-2, men vi meiner det vil bidra til å skape føreseielegheit for utbyggjarar, innbyggjarar og hytteeigarar at kommunen er tydeleg på at avløpsforholda legg grensar for utbyggingsmoglegheitene fram til nytt reinseanlegg er etablert.

#### *Spreidd avløp*

Statsforvaltaren hadde ikkje motsegn til avløpshandteringa ved 1. gongs høyring av planen, men skreiv at vi sakna ei presisering av at nye einingar ikkje kan tillast der nye utslepp vil kome i konflikt med vassforskrifta sine føresegner om at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Vi gjorde greie for at både Reinsennvatnet, og bekkefelt aust og sør for vatnet, er i moderat økologisk tilstand mellom anna på grunn av avløpsavrenning frå hytter og bustadar. For å sikre vassmiljøet, og for å gje til dømes utbyggjarar føreseielege forhold, anbefalte vi at kommunen var tydelege på at auka utslepp til resipientar som allereie har redusert tilstand, ikkje aksepterast. Dette kan vi ikkje sjå at kommunen har tatt til etterretning i det reviderte planforslaget.

Punkt 14.1. (krav om infrastruktur) i føresegner og retningslinjer seier at kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, Handlingsprogram VVA og Handlingsplanprogram for spreidd avløp, vil spesifisere kva type vatn- og avløpsanlegg som skal leggst til grunn i dei ulike områda, og at det er den gjeldande handlingsplan for området som skal leggst til grunn for val av løysing. Punkt 14.1.2 (om spreidd avløp) i føresegner og retningslinjer, seier at utgangspunktet i sonene med spreidd avløp er at nye einingar skal koplast til felles avløps- og vassforsyningsanlegg, men at det kan bli gitt mellombels utsleppsløyve for separate anlegg inntil dei felles vass- og avløpsanlegga er bygde. Punkt 3.1.3 (Infrastruktursoner) i planomtala beskriv korleis føresegnene i arealdelen skal vareta kommunedelplanen for vassmiljø, vassforsyning, og avløp med dei ulike handlingsplanane/handlingsplanprogramma.

I Handlingsprogram VVA, vedteken i 2021, går det fram at Reinsennvatnet er ei av dei to vassførekomstane i kommunen som har sannsynleg risiko for ikkje å nå miljømålet om god økologisk tilstand. I handlingsplan spreidd avløp som gjeld i perioden 2019 til 2028, kjem det fram at



Reinsenn-området har høg prioritet for tiltak fordi Reinsennvatnet har risiko for å ikkje nå miljømålet som følgje av avrenningsproblematikk, mange separate avløpsanlegg, og planar om fortetting i området rundt. Det kjem fram av Handlingsprogram VVA (2021) at for Luskeråsen, Gravfjellet og Javnlia føreset auka utbygging av hytte i desse områda utbygging av felles VA-anlegg slik at avløpet vert ført ut av området og til kommunalt reinseanlegg ved Nedrefoss. I Handlingsplan spreidd avløp (2019 til 2028) står det at prioriterte tiltak i planperioden mellom anna er etablering av VA-nett og fullreinseanlegg på Luskeråsen *tidleg i planperioden*, og etablering av VA-nett og lokalt fullreinseanlegg ved Rennsennberget i *fyrste halvdel av planperioden*. Det er også eit prioritert tiltak å etablere VA-nett og lokalt fullreinseanlegg sør for Grisemyra *mot midten av planperioden*. Vi er ikkje kjent med at nokon desse anlegga er etablert, eller at det er etablert kommunale avløpsleidningar ut av området. Vi veit heller ikkje om det er løysningen beskrive i Handlingsprogram VVA frå 2021 som gjeld, eller om det er løysningen frå Handlingsplan for spreidd avløp frå 2018 som gjeld.

Slik føresegnene er formulert no, meiner vi det er vanskeleg å sjå kva for avgrensingar og føresetnadar som ligg til grunn for utbygging/utvikling i ulike område i infrastrukturene H-410-SA (spreidd avløp). Dette gjer det også utfordrande for grunneigarar, innbyggjarar, utbyggjarar og hytteeigarar å vareta sine interesser i desse områda. For nedbørsfeltet til Reinsennvatnet, som allereie er i moderat økologisk tilstand, meiner vi det vil vere i strid med vassforskrifta § 12 å tillate ny aktivitet som fører til meir forureining i vassførekomsten. Men også auka utslepp til vassførekomst i god eller svært god økologisk tilstand skal vurderast opp mot vassforskrifta § 12. Vi finn ikkje at planomtala eller føresegnene varetek eller synleggjer at vurderingar av vassforskrifta § 12 ligg til grunn for å tillate ny aktivitet som kan påverke vassførekomst. Statsforvaltaren har derfor **motsegn** til planen. Med dei avgrensingane det kommunale avløpssystemet legg på utviklinga i kommunen på kort, og kanskje også lang sikt, er vi redd det vil føre til eit større utbyggingspress i sonene for spreidd avløp. Då er det avgjerande at arealdelen er tydeleg på kva som kan tillast i desse områda.

### Naturmangfald

Jamfør tidlegare motsegner peika vi på at det var mange viktige naturverdiar innanfor område avsett til utvikling/utbygging. Vi fremja motsegn og gav tilbakemelding om at kommunen måtte ta desse områda ut av planen for å vareta naturverdiane. Vi ser at kommunen har tatt ut nokre område som var i konflikt med registrerte naturtypar, men at det framleis er mange område kor dette ikkje er gjort. Det er også framleis mangelfulle vurderingar av konsekvensane for naturmangfaldet som blir påverka av dei ulike tiltaka i planen. Statsforvaltaren vurderer det som særst uheldig at ein legg opp til utbygging som kjem i konflikt med naturverdiar av nasjonal og/eller vesentleg regional interesse, og har difor **motsegn** til fleire av områda i Øystre Slidre sin arealdel.

Motsegn er grunna i rundskriv T-2/16 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis» kapittel 3.6 Naturmangfald.

For følgjande område fremjar Statsforvaltaren **motsegn** pga. konflikt med naturverdiar av nasjonal og/eller vesentleg regional interesse, og manglande vurdering av konsekvensar for naturverdiane:

- Stølslien 4
- Lykkja
- Grønolslie
- Grønolen
- Beitostølen sentrum 1
- B – 145 -40 og B – 51-20
- Området I – 43 og I – 51






- Skrebergene sandtak

#### Stølslien 4

Her kjem naturtypen kalkbjørkeskog i konflikt med område avsett til nye bustader (Figur 1). Dette er ein naturtype av høg kvalitet med sentral økosystemfunksjon. I konsekvensutgreiinga blir det skildra at naturtypen skal takast vare på «så langt det let seg gjere ved utvikling av området». Statsforvaltaren vurderer at naturtypen i sin heilheit må takast ut av området sett av til utbygging om ein skal vareta naturtypen.

Vi viser også til at store delar av naturtypen ligg innanfor rosa område, som alt er regulert. Jamført tidlegare regulering som er gjort for området, vil ikkje naturtypen bli påverka her, men vi oppfordrar kommunen til å gjere endringar i arealdelen til kommuneplanen når område er regulert, og der ein ser at avgrensingane i arealdelen ikkje lenger samsvarer med reguleringsplanområdet. Dette gjeld for fleire område som er regulert i kommunen i dag, der arealdelen ikkje samsvarer med reguleringa.

Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til at naturtypen kalkbjørkeskog blir liggjande delvis innanfor området avsett til bustadutbygging, og viser til at området må grensast ut for å sikre at naturtypen blir varetatt.




**Figur 1:** Innanfor deler av området Stølslien 4 (gul figur) er det registrert ein naturtype kalkbjørkeskog (lilla figur) som er ein naturtype med sentral økosystemfunksjon og av høg kvalitet (InnlandsGIS).



## Lykkja

Det er lagt opp til opp til utbygging av fritidsbustader midt i ein naturtype med naturbeitemark (Figur 2). Naturbeitemark er ein sårbar (VU) naturtype, har sentral økosystemfunksjon og er her registrert med moderat kvalitet. Sjølv om det berre er tale om ein mindre del av naturtypen, så er dette sentrale deler av naturtypen, og det vil bidra til å splitte og fragmentere heile den raudlista naturtypen. I konsekvensutgreiinga legg ein opp til at området må kartleggjast nærmare i forbindelse med reguleringa av området. I konsekvensutgreiinga er det ikkje skildra kva konsekvens tiltaket vil få på naturtypen, og det er såleis ikkje vurdert på dette stadiet, men skuva til reguleringsplannivå. Statsforvaltaren viser til at all innhenting av kunnskap for å kunne gjere ein god konsekvensutgreiing av området, må gjerast på kommuneplannivå, og at ein ikkje kan vente med dette til reguleringsplannivå.

Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til planlagt utbygging av fritidsbustader i ein sårbar (VU) naturtype, og at det ikkje er vurdert kva for konsekvensar tiltaket vil få på den registrerte naturtypen.



**Figur 2:** Området Lykkja ligg i sin heilheit innanfor naturtypen naturbeitemark (lilla figur), som er ein sårbar (VU) naturtype av moderat kvalitet (InnlandsGIS).

## Grønolslie


Det er lagt opp til ein utviding av eit regulert hytteområde, då i nordleg retning. I den nordre delen er det registrert naturtypar som naturbeitemarker og kalkbjørkeskog, kor naturbeitemarkene er sårbare naturtypar (VU) av lav og moderat kvalitet, og kalkbjørkeskogen er ein naturtype med sentral økosystemfunksjon med høg kvalitet (Figur 3). Nye hytter vil komme i konflikt med desse naturverdiane, men det er ikkje gjort nokon nærare vurdering i konsekvensutgreiinga av korleis tiltaket vil påverke naturverdiane. Vi påpeikar at det også er registrert fleire naturtypar innanfor dette området, mellom anna naturtypen gammel lågurtospeskog av svært høg kvalitet med sentral økosystemfunksjon, kor det også er registrert nært trua artar; olivenfyllav, skorpepiggsopp og



labbmose, samt ein semi-naturlig myr (EN) av høg kvalitet og ein naturtype med gammal furuskog med liggjande død ved av moderat kvalitet og sentral økosystemfunksjon. Desse naturtypene blir ikkje påverka av dei planlagde hyttene per no, men ligg innanfor området avsett til utbygging, slik at dette kan endre seg i framtida.

Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til at sårbare (VU) naturtypar og ein naturtype med sentral økosystemfunksjon blir liggjande innanfor planlagt utbygging av hytter, og at det ikkje er vurdert kva for konsekvensar tiltaket vil få på dei registrerte naturtypene.

Vi fremjar også **motsegn** til at ein sterkt trua (EN) naturtype og naturtypar med sentral økosystemfunksjon ligg innanfor området avsett til framtidige hytter, og viser til at desse naturtypene må takast ut av planområdet for å vareta naturverdiene.



**Figur 3:** Nye fritidsbustader på Grønolslie (oransje figur) kjem i konflikt med naturtypene (lilla figurer) naturbeitemark (VU) av lav og moderat kvalitet, samt naturtypen kalkbjørkeskog med sentral økosystemfunksjon og av høg kvalitet (InnlandsGIS).


### Grønolen

Industriområdet FT-14 (Figur 4) må justerast ytterlegare for å sikre at ikkje noko av naturtypen naturbeitemark blir liggjande innanfor industriområdet. Vi viser også til at innanfor industriområdet,



som blei regulert og vedtatt i 2006, er registrert naturtypene naturbeitemark (VU) av høg kvalitet og kalkbjørkeskog av lav kvalitet, kor begge har sentral økosystemfunksjon. Desse registreringane har komme inn etter at området ble regulert, så dei er ikkje varetatt i reguleringa. Kommunen må difor vurdere om reguleringsplanen for området må reviderast for å vareta desse naturverdiane.

Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til at naturtypen naturbeitemark (VU) blir liggjande delvis innanfor området avsett til næring/industri, og viser til at området må grenses ut for å sikre at naturtypen blir varetatt.



**Figur 4:** Deler av naturtypen naturbeitemark (VU) (lilla polygon) av høg kvalitet kjem delvis innanfor området FT-14 som er avsett til industri (lilla figur) (InnlandsGIS).


### Beitostølen sentrum 1

Eit større område avsett til sentrumsformål/utbygging kjem i konflikt med registrert naturtype boreal hei, som er ein sårbar naturtype med sentral økosystemfunksjon (Figur 5). Denne registreringa er av høg kvalitet. Dette er ein naturtype med stor avgrensing, og det er ytterkantane av naturtypen som blir påverka her. Statsforvaltaren vurderer at naturtypen må grensast ut for å vareta den mot utbygging.





Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til at naturtypen boreal hei (VU) blir liggjande delvis innanfor området avsett til sentrumsformål, og viser til at området må grensast ut for å sikre at naturtypen blir varetatt.




**Figur 5:** Deler av naturtypen boreal hei (VU) (lilla figur) av høg kvalitet kjem i konflikt med området avsett til sentrumsformål (brun figur) (InnlandsGIS).

### Områda B – 145 -40 og B – 51-20

Det er lagt opp til utbygging av bustader i tre registrerte naturtypar med rik gransumpskog av moderat kvalitet (Figur 6). Dette er sterkt trua naturtypar (EN) som har sentral økosystemfunksjon. Utbygginga vil med stor von øydelegge/forringe desse naturtypane, og vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert kva for konsekvensar tiltaket vil få for naturverdiane her.

Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til at tre sterkt trua naturtypar ligg heilt eller delvis innanfor område avsett til bustadutbygging. Naturtypane må sikrast ved å ta ut desse områda.




**Figur 6:** Innenfor områda B - 145 -40 og B - 51-20 (gule figurer) er det registrert naturtypen rik gransumpskog (EN) (lilla figurer) av moderat kvalitet (InnlandsGIS).

### Områda I - 43 og I - 51

I desse områda avsett til industri/næring er det registrert ein naturtype med gammal granskog med gamle tre, som er ein naturtype med sentral økosystemfunksjon (Figur 7). Denne lokaliteten er registrert med svært høg kvalitet, og det er registrert nært trua art granseterlav (NT) i naturtypen og innanfor avsett industriområde. Statsforvaltaren vurderer det som uheldig om naturtypen blir fragmentert, og viser til at den må grensast ut av foreslått industriområde for å bli varetatt.

Statsforvaltaren fremjar **motsegn** til at naturtypen gammal granskog med gamle tre blir liggjande delvis innanfor området avsett til næringsutvikling/industri, og viser til at området må grensast ut for å sikre at naturtypen blir varetatt.




**Figur 7:** Innenfor deler av områda I - 43 og I - 51 (lilla figurer) er det registrert naturtypen gammel granskog med gamle trær (mørk lilla figur), som er ein naturtype med sentral økosystemfunksjon og av svært høg kvalitet (InnlandsGIS).

### Skrebergene sandtak

Vi påpeikar at det innanfor det regulerte området Skrebergene sandtak frå 2018, er det registrert ein naturtype med gammel lågurtospeskog av svært høg kvalitet og med sentral økosystemfunksjon (Figur 8). Kartlegginga er gjort etter at området blei regulert, og kommunen må difor ta stilling til om ny informasjon får verknad på det regulerte området, og om det eventuelt er mogleg å gjere avbøtande tiltak for å avgrense påverknadene på naturtypen.

Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til at naturtypen gammel lågurtospeskog blir liggjande innanfor området avsett til masseuttak.



**Figur 8:** Innenfor regulert område for masseuttak (brun figur) er det registrert ein naturtype med gammel lågurtospeskog, med sentral økosystemfunksjon og av svært høg kvalitet (InnlandsGIS).

#### *Område som ikkje er kartlagde og konsekvensutgreia*

For fleire område i arealdelen legg kommunen opp til at det skal gjerast nærare kartleggingar og konsekvensutgreiingar på reguleringsplannivå, då ein i dag ikkje har nok kunnskap om områda til å gjere ein slik vurdering. Statsforvaltaren viser til at kommunen skal innhenta naudsynt kunnskapsgrunnlag i kommunedelplanen før ein legg ut område. Ein kan ikkje velje å utsette dette arbeidet til reguleringsplannivået, då ein då kan komme fram til at områda ikkje skulle vore lagt ut i det heile i arealdelen, og ein har såleis lagt opp til ein forventning om at desse områda skal utviklast. All naudsynt informasjon/kunnskap om områda må innhentast tidleg, for å kunne gjere ein vurdering av konsekvensar for dei ulike områda i arealdelen. Dette er ikkje mogleg om ein ikkje har kunnskap om områda.

Statsforvaltaren fremjar difor **motsegn** til følgjande område pga. manglande kartlegging og konsekvensvurderingar:

- Rolistølen
- Robøle
- Skistadioen – Garli
- Mellsenn vassbehandlingsanlegg
- Nerreføss reinseanlegg

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)  
kommunal- og samordningsdirektør

Øyvind Gotehus  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat

Mattilsynet

Pb. 4404

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 5091 Majorstua

Postboks 383

2325 HAMAR

2605 LILLEHAMMER

0301 OSLO

2381 BRUMUNDDAL